



NOTAT

Oppdragsnummer eller spesiell referanse.

Gjelder:

MØTE I STYRINGSGRUPPA
"OPTIMAL RINGNOT"
25. januar 1989 kl. 10.00 - 16.00

Underskrevet av: Ole A. Misund

GÅR TIL

Orientering	Uttalelse	Behandling	Etter avtale
-------------	-----------	------------	--------------

Styringsgruppa

Avd.: Fangst

Dato: 25.1.89.

Til FTFI's adm.: 1 ekspl. for arkivering

Deltakere: A. Leine, R. Hjellen, P.O. Lie, A.K. Beltestad, S. Olsen, J. Hildre, O.A. Misund (referent).

S. Olsen ønsket velkommen. A.K. Beltestad orienterte om dagsorden for møtet, om framdrifta i prosjektet til no og om innkomne anbud på bygging og utprøving av nota.

Vurdering av anbud på bygging av nota

Firma	Pris	Montering	Samarbeidspartner
A/S Fiskenet	2 200 000,-		
Mørenot A/S	2 170 000,-		
Egersund Trålverksted A/S	2 041 882,-	240.000,-*	
Austevoll Notverksted	2 158.000,-	320.000,-	Refa, Maydam
Refa A/S			Anbud i samarb. m/Austevoll
Sagamarin		300.000,-	
Nordsjønot		327 600,-	
Maydam			Anbud i samarb. m/Austevoll

*Muntlig anbud 24.1.

- Kun seriøse anbudsgjevarar, fagleg sett er kvaliteten på verkstadene likeverdige.
- Diskusjon om anbudspremissene, og kva som kunne årsake skilnaden på dei ulike anbuda.
- Mulig løysing: Dele produksjonen av nettet på 3 leverandørar (1 leverandør for PA-nettet, 1 leverandør på PES (knotelaust) -nett, 1 leverandør for PES (m/knutar) -nett).
- Nettet bør vere av norsk produksjon.
- Snurperingane (Westling) er allereie innkjøpt.
- Diskusjon om deling av nettproduksjonen på 3 mulige leverandørar.
- Synspunkt på raknefritt, knotelaust nett. Ifølge J. Hildre går ikkje denne produksjonsmetoden på den stormaska nett-delen p.g.a. trådtjukkheiken.
- Vil ei deling på 3 mulige nettleverandørar samsvare med anbudspremissane.
- Vil Egersund Trålverkstad A/S som billigaste anbudsgjevar stå som hovedentreprenør med andre underleverandørar på produksjon av delar av nettet?

Skjemaet brukes til rapportering fra reiser, møter, konferanser etc. etc. Omtal fortrinnsvis bare en sak på hvert skjema. Til påfølgende sider benyttes vanlig papir.

- Må kontakte anbudsgjevarane for å få fastlagt om anbuda er basert på knutenett som er raknefritt. A.K. Beltestad tar telefonrunde.
 - Austevoll basert på vanleg knutenett.
 - Fiske-nett basert på vanleg knutenett, med dette firmaet ville holde anbudet.
 - Egersund Trålverksted baserte anbudet på raknefritt knutenett (pris innhenta fra A/S Fiske-nett).
- S. Olsen: Ser ut til at rimeligaste anbudsgjevar må velgast, implisitt i tilsagnet frå Fiskeri-departementet at Statens Regelverk for å velge anbud skulle følgast.
- Diskusjon om kva anbudsgjevar som skal velgast, delte meiningar.
- A.K. Beltestad skisserte sin personlege løysing.

Vurdering av ringnotfartøy til utprøving og delfinansiering av nota

- A.K. Beltestad viste rederia som var interessert i utprøving (9 rederi).
- A.K. Beltestad viste rederia (4 stk.) som var villig til å bidra økonomisk i prosjektet.
- Det utvalgte rederiet har kun opsjon på kjøp av nota etter at den er utprøvd.
- For tidlig å fastsette endelig pris på nota no.

VEDTAK

"Libas" v/P.O. Lie velgast til utprøving av nota ettersom dette rederiet var villig til å bidra mest økonomisk i prosjektet.

Tilbake til vurdering av anbud på bygging av nota

- Diskusjon om kven av verkstadene som skal velgast.
- S. Olsen undersøker premissene i Statens Regelverk for å velge anbud med Fiskeri-direktoratet.
- Debatten står mellom Egersund Trålverksted A/S og Austevoll Notverksted.

VEDTAK

Austevoll Notverksted får hovedentreprisen på nota. REFA A/S produserer nylondelen av nota, Mørenot produserer terylenedelen.

Endelig fastsetting av spesifikasjon og notkonstruksjon

- Prøve med liggande bolkar? Tradisjonelt ståande bolkar i norske nøter.
- Delte meiningar om liggande/ståande bolkar.
 - Kanskje operasjonelle fordelar med liggande bolkar.
 - Betre styrke under setting og innhaling av nota.
 - Bakdelar ved ståande bolkar ved reparasjon og montering av nota.

- Dette er ei eksperimentnot, slik at utradisjonelle løysingar bør prøvast dersom det er gode argument for det.
- Skissert konstruksjon ellers vart akseptert.
- Synspunkt på Triplex notvinsj/ABAS notvinsj. Sistnevnte fører truleg til mindre notslitasje.
- Endelig konstruksjonsforslag utarbeidast så raskt som råd.

Budsjett

- A.K. Beltestad redegjorde for forslag til budsjett.
- S. Olsen problemer med å innarbeide momskostnader i prosjektet. Dette kan løysast ved at innkjøp av delar til nota kanalisert gjennom rederiet som får utprøvinga av nota. Likevel problem å kanalisere midlane løyvd til FTFI over til rederiet.
- Arrangere besøk av styringsgruppa på Austevoll Notverksted under bygging av nota.
- Ingen kommentar til budsjettforslaget ellers.

Oppretting av notgruppe

- Orientering v/ S. Olsen.
- A. Leine foreslo at opprettinga av ei slik gruppe kanskje burde vente til rapporteringsseminaret for "Optimal ringnot"-prosjektet.
- Ulike synspunkt på korleis ei slik gruppe skulle oppnemnast og samansettast.
- Synspunkt på ein del relevante problemstillingar.
- Initiativet til ei slik gruppe burde kome frå Fangstseksjonen.

Eventuelt

- Når bør styringsgruppa samlast igjen.
 - Nota leverast i mai/juni.
 - Nota prøvast på nordsjøsildfiske i mai/juni og på makrellen i august/september.
- Styringsgruppa bør samlast på Austevoll Notverksted 1 veke før nota er ferdig montert.
- Vurderingar på bruk av tjukkare snurpeline for å redusere blyvekta på nota.
- Betydelig vektauke på nettet ved bruk av terylene (spesifikk vekt 1,38) i staden for nylon (spesifikk vekt 1,14).

Møtet var heva ca. kl. 14.30.